



Forsvarsdepartementet  
Postboks 8126 DEP  
0032 OSLO

Vår ref:  
Sak: 21/4755 JpID: 21/38032 Sbh: HMU

Dykkar ref.

Dato:  
13.12.2021

## Uttale til høring av forskrift om opptak og bruk av informasjon om bestemt angitt bunnforhold

Stad kommune viser til dykkar høyring av forskrift om opptak og bruk av informasjon om bestemt angitte bunnforhold.

Detaljert informasjon om sjøbotn er til god hjelp for kommunal arealplanlegging og gjev oss eit betre kunnskapsgrunnlag for planlegging av våre sjøområde.

Forslaget til forskrift som er ute på høyring klargjer kva detaljgrad av informasjon om sjøbotn som vil vere gradert av sikkerheitsomsyn, og kva informasjon som vil vere offentleg tilgjengeleg.

Stad kommune har store og varierte sjøområde i kommunen vår. Våre sjøområde strekk seg frå 3.5 km vest for vestlegaste fjellplatået i Noreg, Vestkapp, til Vanylvsgapet og Vanylvsfjorden i nord og nordaust og vidare til Sildagapet Nordfjorden i sør og søraust. Tilsaman har vi over 70 km med fjord i kommune vår og store havområder. Desse hav- og fjordområda er viktige areal for fiske, havbruk, rekreasjon og som økologiske funksjonsområder for ei rekkje artar, både i sjø og på land. Om lag 2/3 deler av sjøområda våre er kartlagt gjennom eit felles prosjekt om marine grunnkart som var ferdigstilt i 2018.

Vi meiner at botndata ned til 10x10 meter ikkje bør vere gradert, sidan denne detaljerte kunnskapen om sjøbotnen vil gje oss eit viktig kunnskapsgrunnlag for sjøområda våre og gjer det mogleg for oss å gjere kunnskapsbaserte vedtak i planarbeid innafor kommunen sine grenser i sjø. Vi er svært positive til at djupndata for område grunnare enn 30 meter vert gjort tilgjengeleg for høgoppløyslege botnkart.

Stad kommune stiller seg bak Vestland fylkeskommune si uttale til høyringa og legg denne ved vår uttale.

Med venleg helsing  
Hanne Marie Utvær  
rådgjevar lokal samfunnsutvikling

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur. Ver venleg å oppgje referansenummer 21/38032 dersom du tek kontakt med oss.*

**Vedlegg:**

|                                                                                         |         |            |
|-----------------------------------------------------------------------------------------|---------|------------|
| Vestland fylkeskommun si uttale til høyring av forskrift om skyte- og øvingsfelt i sjø. | 1467025 | 13.12.2021 |
| Protokoll - handsaming i fylkesutvalet 30.11.2021                                       | 1467696 | 16.12.2021 |